



Lindås kommune  
Postmottak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 Isdalstø

Hålandsalen, 23. juni 2015

## Vedr. Ospeneset

Eide Fjordbruk AS og Fyllingsnes Fisk AS (i felleskap "Eide") driv begge akvakulturverksamd på sjø-  
lokaliteten 19655 Ospeneset i Lindås kommune "Lokaliteten".

Vi syner til vår søknad om dispensasjon frå arealplanen i det aktuelle område datert 15. mai d.å.  
("Søknaden").

Som truleg kjent for kommunen havarerte delar av vårt eksisterande anlegg på Lokaliteten under  
uværet "Nina" sist vinter. Vi planlegg for og ynskjer no å bytte ut vårt eksisterande anlegg på  
Lokaliteten med eit nytt anlegg av plastringer. Dette i staden for å reparere det gamle eller erstatte det  
gamle stålanlegget med eit tilsvarande stålanlegg.

Endringa av anleggstype medfører eit behov for å justere posisjonen til anlegget jf. Søknaden. Vi har  
forståing for at det er noko sakshandsamingstid i Lindås kommune. Inntil Søknaden er ferdig  
handsama hos kommunen ynskjer vi å leggje ut fortøyningar, tre plastringer og flåte i samsvar med  
vedlagte kart. Vi leggjer til grunn at kommunens administrasjon vil kunne gje slik løyve i lys av den  
høyringa som allereie har vore og kommunens interne reglar om delegasjon. For ei nærmare  
grunngjeving av Eides behov syner vi til Søknaden.

Eide ynskjer å kunne sette ut fisk på Lokaliteten i september i år. Vi ber derfor om at kommunen  
handsamar dette skrivet i god tid før fellesferien.

Ta gjerne kontakt med undertekna dersom noko er uklart. Dersom det er behov for ytterlegare  
opplysningar eller presiseringer ber vi om ei snarleg tilbakemelding.

Med vennleg helsing  
Eide Fjordbruk AS / Fyllingsnes Fiske AS

A handwritten signature in blue ink that reads "Arne H. Staveland".

Arne Herre Staveland